

Nordmannen

(Mellom bakkar og berg)

Tekst: Ivar Aasen

Melodi: Ludvig Mathias Lindeman

Mel - lom bak - kar og berg ut - med ha - vet he - ve

3 nord - man - nen fen - ge sin heim, der han sjølv he - ve tuf - te - ne

6 gra - ve og sett sjølv si - ne hus — op - på deim.

2. Han såg ut på dei steinute strender;
det var ingen som der hadde bygt.
"Lat oss rydja og byggja oss grender,
og så eige me rudningen trygt."

3. Han såg ut på det bårute havet;
der var ruskut å leggja utpå;
men der leikade fisk nedi kavet,
og den leiken, den ville han sjå.

4. Fram på vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.

5. Og når liene grønka som hagar,
når det laver av blomar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.